



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for eldre
Møtestad	Skei Hotel, Jølster
Møtedato	12.03.2014
Kl.	10.00-15.00

Faste medlemmer til stades: Eivind Skjerven, Rønnaug Holmøy, Kristoffer Skjolden, Harald Ekroll og Anita Nybø.

Forfall til møtet: Ingen

Varamedlemmer til stades: Ingen

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet: Arvid Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Rådet tok stilling til at alle saker som skal vere opne.

Møtebok frå 20.11.2013 vart godkjend utan merknader.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**Referatsak 1) Fylkesrådet for eldre – rekneskapsavslutting 2013**

- Rekneskap 2013
- Budsjett 2014 – jf aktivitetsplan for 2014 oversendt pr. e-post 22.nov 2013.

Ansvar	Funksjon	Art	Budsjett 2013	Rekneskap 2013	Budsjett 2014 inkl. endring	Regnskap 2014
120 FYLKESRÅDMANNSTABEN						
40042 Fylkesråd for eldre			266 000	342 506	268 000	12 321
	10100	Faste regulativløner	168 000	70 743	174 000	0
	10505	HONORAR M.A	0	1 715	0	0
	10506	Oppgavepliktige godtgjersler	0	300	0	0
	10801	GODTGJ. TIL UTVALSMEDLEMAR	0	31 070	0	2 650
	10802	TAPT ARBEIDSFORTENESTE	0	7 650	0	0
	10900	Pensjonspremie KLP	6 000	16 588	0	0
	10990	Arbeidsgevaravgift	0	13 603	0	281
	11000	KJØP AV VARER OG TJENESTER-BUD	92 000	0	94 000	0
	11007	TIDSSKRIFTER	0	529	0	0
	11150	MATVARER	0	-209	0	0
	11154	BEVERTNING	0	7 930	0	0
	11209	YMSE DRIFTSUTGIFTER	0	2 500	0	0
	11302	TELEFON	0	1 293	0	0
	11500	Kurs- og konferanseavgifter	0	85 812	0	6 000
	11503	Ekskursjoner	0	4 145	0	0
	11601	REISE OG OPPHALDSUTGIFTER TENESTERE	0	56 239	0	405
	11700	Reiseutgifter	0	4 520	0	0
	11701	Reise og opphaldsutgifter på tenestereiser	0	36 689	0	2 985
	12200	LEIGEUTGIFTER	0	1 389	0	0
	14290	Meinverdiavgift - drift	0	4 994	0	110
	17290	Inntektsføring moms kompensasjon drift	0	-4 994	0	-110

Rekneskapet frå 2013 syner eit forbruk på kr. 342 506,-. Dette viser eit meirforbruk på kr. 76 506,- på funksjonen. Budsjettet for 2014 er på kr. 268 000,- og på denne funksjonen er det pr. 25. februar 2014 nytta kr. 12 321,-. I budsjettfarmlegget under er det ikkje lagt inn det faste honoraret til leiaren på kr. 27 580,-. Ein gjer også rådet merksam på at budsjettposten fast regulativløn på kr. 174 000,- ikkje kan disponerast av rådet. Det betyr at rådet disponerer total kr. 94 000,- for aktiviteten i 2014. Den budsjetterte aktiviteten under er noko for ambisiøs andsynes dei økonomiske midlane som er stilte til rådvelde.

I e-post frå leiar Eivind Skjerven den 22. november 2013 vart følgjande aktivitetsplan for 2014 lagt fram; sitat:

BUDSJETT 2014: AKTIVITETPLAN FOR FRIE MIDLAR

Ut frå den framlagde skissa til budsjett av 5. november d.å. er det lagt opp til eit samla budsjett på 299.227 kroner. Størstedelen av budsjettmidlane er knytt til faste oppsette utlegg. Det er etter rådet sine vurderingar frie midlar som kan gå inn i ein aktivitets-plan er på 92.000 kroner. På møtet der Fylkeseldrerådet sine medlemmer hadde (utan sekretæren hadde høve til å vera til stades) kom ein fram til desse aktivitetane med kostnad:

Vedteken oppsett til møteplan med desse utlegga for 4 rådsmøte:

2 faste styremøte:	6.500 kr. x 2 =	13.000 kr
1 telefonmøte:(17. september)		1.500 kr
Styremøte på Vestlandsamlinga 0 kr	TILSAMAN:	14.500 kr
Landskonferanse i Buskerud (Drammen)med 3 deltakarar:		12.000 kr
Regionale kurs som m.a. Folkehelse/Samhandlingsreform:		5.000 kr
Vestlandssamlinga på Island 6 personar rådsmedl./sekertær:		39.00 kr
Vertsmiddag for alle deltakarane på «Perlen restaurant»:		20.000 kr
Administrative utlegg:		1.500 kr

SAMLA UTLEGG:..... 92.000 kr

Rådsmedlemene var usikker på om utlegg som møtgodtgjersle kan kome inn under posten «Faste regulativ løner» slik vi har rekna med i overslaget ovanfor. Ein redaksjon av lønsutlegg til sekretær (stillinga delvis vakant i 3- 4 månader i 2014 også?) bør kome arbeidet som rådsmedlemmer må gjere(som avlasting for sekretæren) til styrking av midlar til aktivitet. Den mellombelse sekretær-ordninga med avgrensa tid i høve til arbeidsoppgåver, gjer at mykje arbeid har det vore naudturvande å gjere for rådsmedlemene med leiaren som koordinator. Rådsmedlemene registrerer at det er vanskeleg å få kjennskap til kva for utlegg som kjem inn under dei ulike budsjettpostar.

Sitat slutt.

Vedtak: Rådet tok orienteringane til vitande. Med den planlagde aktiviteten ligg det an til eit meirforbruk på budsjettposten. Rådet vel å delta med to deltakara til Landskonferansen i Buskerud, Drammen for å ta ned aktiviteten noko.

Referatsak 2) Opptrykk og utsending av:

- Årsmelding 2013
- Rekneskap 2013
- Handlingsprogram for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane 2012-2015

Vedtak: Rådet ønskjer at det skal lagast 50 eksemplara av årsmeldinga i papirformat. Reknesakpet vert ivareteken i årsmeldinga for fylkeskommunen samla. Handlingsprogrammet er tidlegare trykt opp i 150 eksemplar.

Referatsak 3) Orientering for fylkestingsrepresentantar på politikardag eller i fylkestinget

Fylkesrådmann har gitt følgjande melding som skal formidlast til fylkesrådet for funksjonshemma og til fylkesrådet for eldre: *Fylkesordføraren har gitt klårsignal for at dei to rådsleiarane får 5 minutt kvar under FT i juni (11. og 12. juni 2014) for å gjere greie for dei respektive råd si verksend i 2013.*

Vedtak: Rådet tok orienteringane til vitande.

Referatsak 4) Tilsetting av sekretær for fylkesrådet for eldre. Når blir dette avklart?

Rådet bad i førre møte om orientering om stoda for sekretær støtta til rådet. Britt Marie Norheim gikk av med pensjon hausten 2013 og stillinga her sidan stått vakant. Sekretærstøtta vert i ytt av fylkesrådmann og vert i denne overgangsperioden ivareteken av Arvid Stenehem. Dette er i samsvar med §7 i «Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne». Fylkesrådmann vil nytte sentraladministrasjonen sin breie kompetanse andsynes saksutgreiing til rådet. Fylkesrådmann ønskjer at ein person vert rådet sin faste kontaktperson og vil vere sekretær i råda sine møter.

Bakgrunnen for ikkje å lyse ut sekretærstillinga er forventta overtal i samband med endringar i programfaga i dei vidaregåande skulane og gjennomføringa av skulebruksplanen generelt. Ved denne omlegginga vil ein forvente mellom 20 til 50 overtalige lærarar og andre merkantilt tilsette. Mellom desse personane kan det vere kandidatar til å overta funksjonen søm sekretær/hovud kontaktperson for rådet. Fylkestinget har også gjennom budsjetthandsaminga pålagt administrasjonen og redusere drifta med 10 årsverk og det kan bety ein til ein og halv stilling ved rådmann sin stab.

Etter den 25. mars 2014 vil hovudopptaket til vidaregåande skulane vere kjent og tal overtalige vert meir konkretisert.

Vedtak: Rådet tok orienteringane til vitande.

Referatsak 5) Vestlandsamling med studietur til Island den 5. til 8. mai 2014

- c. Sjå vedlagde program frå Travelnett Fjordane reisebyrå
- d. Reiseplanlegging elles vert drøfta i møtet

Vedtak: Rådet tok orienteringane til vitande med følgjande tilføyningar. Alle studietur reisande skal etter fylkeskommunal standar ved overnatting nytte einarom. Måltider som ikkje er inkludert i den avtalte prisen med reisebyrået vert refundert etter innsendt reiserekning. Utflukter som klart går utafor den oppsette faglege turen vert betale av deltakaren sjølv. Detaljert program for det faglege innhaldet vert ettersendt og det skal utarbeidast ein rapport frå delen av studieturen.

Referatsak 6) Val av tre representantar/vara til Landskonferansen 2014 i Buskerud

Vedtak: Rådet tok orienteringane til vitande. Til denne samlinga reiser to rådsmedlemmer på billegast mogleg måte. Dei syter sjølve for si eiga påmelding.

Referatsak 7) Oppretting av fylkesfriluftsråd i Sogn og Fjordane

Vedtak: Rådet tok orienteringane til vitande.

Referatsak 8) Serviceskyss – 2014 – Vidareføring (To vedlegg)

Vedtak: Rådet tok orienteringane til vitande.

Nye referatsaker kom opp i møtet

Referatsak 9) Nettbuss saka

Vedtak: Rådet ønskjer at sekretæren undersøker kor denne saka no står og ber han kontakte samferdsleavdelinga på fylket for å få denne status oppdateringa.

Referatsak 10) Universell utforming av bussar

Vedtak: Rådet tok orienteringane til vitande. Rådet ønskjer at det skal informerast betre på bussane og at det vert installert teleslynger og tavler som informerer skriftleg om namnet på neste stoppestad. Følgjande uttale vert vidareformidla til samferdsleavdelinga i fylkeskommunen: *Fylkeskommunen bør stille vilkår ved konsesjonstildeling slik at offentlege transportmiddel m.a. vert tilrettelagd for høyrselshemma, anten med teleslynger og/ eller visuelle informasjonstiltak.*

Referatsak 11) Munnleg orientering frå brukarutvalet i Helse Førde.

Vedtak: Rådet tok orienteringane om *Verdighetsgarantien: Forskrift for en verdig eldreomsorg til vitande.*

Referatsak 12) Sjumilssteget

Dei årlege Folkehelsedagane vert i år slått saman med Sjumilsstegkonferansen til Fylkesmannen. Konferansen som tener til eit samordna løft for folkehelse, psykisk helse og medverknad for born og unge vart gjennomført i Loen 11. og 12. mars. Leiaren i rådet deltok.

Vedtak: Rådet tok orienteringane til vitande.

SAK 1/14 Fylkesrådet for eldre - skriv og orienteringar 5. mars 2014

VEDTAK:

Fylkesrådet for eldre tek orienteringane til vitande

SAK 2/14 Fylkesrådet for eldre - årsmelding 2013

VEDTAK:

- 1) Årsmelding 2013 vert godkjend
 - 2) Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møtet den 12. mars 2014
 - 3) Fylkesrådet ber administrasjonen legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
 - 4) Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale eldreråd
-